



Bjørsvik Bygdelag
Bjørsvikvegen 85
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1522 - 16/14149

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
26.05.2016

Førebels svar og vurdering - gbnr 231/36 Bjørsvika

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 03.05.2016.

Søknaden gjelder dispensasjon for utfylling av to område i Bjørsvika, A og B, for å leggje om veg og oppføring av 9-12 naust/garasje samt eit felles båtøpptrekk. Det er også ønskjeleg med eit framtidig felles reinseanlegg for bygda plassert i ein av fyllingane.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

1. Heimelshavar av gbnr 231/36 er Geir Andre Bjørsvik. Det førelegg ingen dokumentasjon på samtykke frå ham eller andre heimelshavarar som er omfatta av tiltaka. Søknaden er innsendt av Bjørsvik Bygdalag. Det førelegg ikkje dokumentasjon på kven bygdalaget representerer. Det privatrettslige er ikkje dokumentert.
2. Det er ikkje dokumentert om tiltaka er nabovarsla eller om det i realiteten er nabovarsla ved at Bygdalaget representerer alle naboar.
3. Situasjonsskart frå Lindås kommune er ikkje lagt ved. Tiltaka er ikkje målsatt på situasjonsplanen.
4. Teikningane er noko uklare då dei ikkje er målsatt. Teikningane viser ikkje ny/gamal målsatt situasjon.
5. Til orientering så kan Bygdalaget sende inn søknad om dispensasjon utan ansvarleg føretak, men søknad om tiltak må sendast inn av ansvarleg føretak.

Foreløpig vurdering av søknaden

Området for tiltaka ligg innafør arealdelen av kommuneplanen 2011-2023 si hensynssone for bevaring av kulturmiljø, sjå fargekode H_570 (stripet), og pkt. 7.12 i arealdelen av kommuneplanen, jf. pbl. §11-8:

«Bevaring av kulturmiljø. Sona omfattar område med kulturminne- og miljø av særskilt verdi, og som skal ivaretakast for framtida. Nye tiltak vil normalt ikkje godkjennast innafør sona.»

Plangrunnlag:



Det vert vistt til arealdelen av kommuneplanen 2011-2023:

1) Krav til reguleringsplan, jf. pkt. 1.1

2) Føremålet LNF, jf. pkt. 5.1

3) Bruk og vern av sjø med tilhørande strandsone, sjå fargekode 6001, (lyseblått) jf. pkt. 6.2 i arealdelen av kommuneplanen

Det visast til Plan- og bygningsloven:

4) Forbodet mot tiltak mv. Langs sjø og vassdrag, jf. pbl. § 1-8.

Tiltaka må sjåast i samanheng med område S4 med fargekode 6230 (mørkeblått) som er definert som småbåthamn. Dette fordi tiltaka skal tilretteleggje for båtbruk.

Kommunen er positive til tiltaka slik dei er skissert i det innsendte materialet. Den førebelse vurderinga til kommunen er at det er omfattande tiltak som er skissert, som vi ikkje ønskjer å tillate gjennom ein dispensasjon. Lindås kommune meiner at ein gjennomføring av tiltaka må skje gjennom ein reguleringsplan. Størrelsen på fyllingane samt antall planlagde naust/garasje og samanhengen med område S4 samt hensynssone for bevaring av kulturmiljø, gjev såleis krav til reguleringsplan.

Lindås kommune vil tilrå at ein startar ein planprosess for området, og at også område avsett til småbåthamn (S4) i kommuneplanen vert tatt med i den vidare prosessen.

På bakgrunn av dette ber Lindås kommune om tilbakemelding frå dykk om de ønskjer søknaden handsama, eller om de vil trekkje søknaden og starte ein prosess med å utarbeide ein reguleringsplan. Frist for tilbakemelding vert sett til **16.06.2016**.

Kart som viser området i arealdelen av kommuneplanen 2011-2023 er lagt ved dette skriv.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

gbnr 231_36

Mottakarar:
Bjørsvik Bygdelag

Bjørsvikvegen 85 5993

OSTEREIDET